

Samandrag av merknader Arealdelen 2005

Fylkesmannen i Telemark	side 1-13
Fylkeskommunen	side 14-15
Statens vegvesen	side 16
Fyresdal kommune	side 17-19
Nissedal kommune	side 20
Setesdal Austhei villreinlag	side 21
Olav Felland	side 22-25
Gunnar Blomhaug	side 26
Randi Felland	side 27
Olav Felland	Side 28
Olav Felland på vegne av Jørgen Frantzen og Rune Haugen	side 29-30
Olav Felland på vegne av Florenz og Sundt	side 31-33
Innspel frå Byrte nr 1	side 34-35
Innspel frå Byrte nr.2	side 36

**FYLKESMANNEN I TELEMAR**
StabenSakshandsamar, innvalstelefon
Kristin B. Vindvad, 35 58 61 31

Vår dato 06.07.2005 Vår referanse 2003/2641

Dykkar dato 31.05.2005 Dykkar referanse 04/01160-17

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 04/1160	Saksbeh. AVE
Saksnr. 3656/05	Dok.nr. 29
07 JULI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Tokke kommune
Teknisk etat
3880 DALEN**Framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2005–2017 på offentlig ettersyn – Høyringsfråsegn med motsegn**

Kommunen har lagt inn ei rekke område med spreidd utbygging i LNF-området og byggjeområde for fritidsbustader i forhold til forrige planforslag. Det er motsegn til feltet SH7 Gamasfit og vestre del av område vist som framtidig område for fritidsbustader vest for R3 og R4, Hallbjørnsekken vest og sør, grunna omsynet til villrein. Det er motsegn når det gjeld omfang av spreidd bustad- og yrkesbygg i LNF-området. Det er og motsegn når det gjeld omfanget av spreidd hyttebygging i LNF-området, spesifisert til områda SH2 Byrtedalen, SH3 Botnedalen, SH4 Strandstøydalen, SH5 Bessedalen og SH6 Hylebu-Åmli. Det er motsegn fordi flaumsonkartet ikkje er innarbeida. Det er elles gitt ein del faglege råd til planlegginga.

Vi har motteke framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2005 – 2017 på offentlig ettersyn. Fylkesmannen har i brev datert 07.04.2003 gitt fråsegn til kommuneplanen sin arealdel på første gongs høyring. Etter dette har planen blitt endra, og er no sendt ut på nytt offentlig ettersyn.

Kommuneplanen sin arealdel er ein overordna plan. Det vil difor vere ei rekke tema som vi ikkje kan ta stilling til på dette nivået, og som vi må kome tilbake til i regulerings- og bebyggelsesplanar. Tema som vi vil ta i detaljplanlegging er barn- og unge sine interesser, grøn infrastruktur, byggjegrænse mot vatn og vassdrag, forureiningsomsyn og liknande. Også samfunnstryggleik må bli tatt opp igjen som tema i den vidare planlegginga, slik føresegnene legg opp til.

Landbruksfaglege merknader

Fylkeslandbruksstyret er orientert munnleg om planen (i møtet 6. juni) på bakgrunn av det som er komen fram i planforum 18. mai. Sidan det ikkje er aktuelt med motsegn til planen – ut frå omsyn til landbruksinteressene – var fylkeslandbruksstyret samd i at landbruksavdelinga kunne gje ei uttale som del av fylkesmannen si uttale til planen.

Som del av planomtale frå kommunen si side er eit avsnitt; 4.0 Landbruksfaglege vurderingar. Her er gjeve ei meir generell uttale til planen utan å gå inn på dei einskilde areala der det til dømes kan vere konflikt mellom hytteutbyggingsinteresser på den ein

sida og kulturlandskapsinteresser og landbruksinteresser på den andre sida. Inkludert i "landbruksinteresser" meiner vi da til dømes skogbruk, beitebruk eller anna utmarksbruk. Vi saknar ei slik konkret vurdering knytt til dei aktuelle områda i planen.

Vi hadde til dømes sett det naturleg med ei konkret vurdering av konsekvens av spreidd hytteutbygging i det omfanget som planen signaliserar (30 stk) i Byrtedalen sett i høve til kulturlandskap og beitebruk m.v. Med den generelle form kommunen sine landbruksfaglege vurderingar har fått, ser vi dette for lite vektlagt. Som fagleg råd vil vi tilrå at det blir gjort ei nærare vurdering av dette området før det blir gjort endeleg vedtak om spreidd hytteutbygging i slikt omfang. Det same gjeld i nokon grad dei andre områda der det er gjeve opning for relativt stort omfang av spreidd hyttebygging: Botnedalen, Bessedalen og Strandstøydalen

Miljøvern faglege merknader

Det er positivt at kommunen har ei strengare haldning til tiltaks om skal skje over 900 moh, men det er berre utarbeida retningslinjer for handsaming av tiltak og ikkje føresegn for desse områda.

Byggeområde fritidsbustader

Villreintrekk og utbygging ved Hallbjørnsekken

Det er mykje utbygging i frå før i området ved Hallbjørnsekken, med stor menneskeleg aktivitet til visse tider av året. Ifylgje lokalkjente personar med villrein fagleg kunnskap var trekket over Kuskard mykje brukt før riksveg og seinare hytter blei bygd i området. I nyare tid har det vore registrert sporadiske observasjonar hovudsaklig vinterstid – mest i januar og februar. Villreinen nyttar no mest trekkorridoren over Rv45 som er lengre vest, mellom Store Bjørnevatn og Kjønnesvikvatnet (jf NINA-minirapport nr 106)

Villreinbestanden er for tida liten (ca 1000 dyr) og areala brukast difor ikkje på same måte som dersom bestanden hadde vore større. Det er ei uttrykt lokal målsetting å få opp bestanden for å kunne hausta eit større utbytte (ref. villreinnemnda). Det må difor leggast vekt på å vere framsynt i plansamheng, *føre var-prinsippet* må gjelde, spesielt for å halde ein open trekkveg for villrein over dalen ved Kuskard. Ved ein større bestand vil området kunne forvente å bli tatt meir i bruk. I den samanheng er eit tidsperspektiv på fleire tiår naudsynt.

Villreinen i Setesdal Austhei er hardt pressa frå fleire hold, både på Agder- og Telemarkssida. Oppsplitting av beiteareal og avstenging av trekkvegar som fylgje av tekniske inngrep dei siste 40 åra kan true bestandens vidare eksistens. Skal det vere realistisk med framtidig bruk av trekket over dalen ved Kuskard meiner Fylkesmannen at det i utgangspunktet ikkje bør byggjast vidare i området. Slik utbygginga er planlagt i arealdelen leggjast det opp til ei vesentleg utbygging i tilknytning til eksisterande trekkveg, ved at det blir mogleg både med fortetting og bygging på nye areal. Utreddinga frå NINA er ikkje tydeleg på kva konsekvensar utbygging etter planforlaget vil ha for villreinen. Om ferdsle blir kanalisert og utbygginga blir redusert, reknar NINA med at konsekvensane er moderat negative. Når rådet frå dei sakkyndige ikkje er klårt, må Fylkesmannen gje ei skjønsmessig vurdering.

Omsynet til villreinen er styrka i den nasjonale arealpolitikken gjennom St.meld.nr.21 (2004-2005). Setesdal Austhei er førebels ikkje peika ut som nasjonalt villreinområde, men Fylkesmannen i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark meiner likevel at nordområdet med trekkorridorar over riksveg 45 bør ha slik status, noko som er tatt opp med Direktoratet for naturforvaltning i eige brev. Ei generell innskjerping av arealpolitikken i høve til villrein og føre var-prinsippet, gjer at Fylkesmannen meiner det ikkje er riktig å leggje til rette for vidare utbygging som kan ha moderat negativ verknad for villreintrekket. **Fylkesmannen ved miljøvernavingdelinga har difor motsegn til feltet SH 7 (Gamasfit; 5 hytter) og vestre del av område vist som framtidig fritidsbustadbygging vest for R3 og R4, Hallbjørnsekken vest og sør.**

Avløp

Det er viktig at omfanget av ny utbygging av fritidsbustader som er knytt til avløpsnettet blir sett i samanheng med det aktuelle reinseanlegget sitt utsleppsløyve og sin kapasitet til å handtere mengda avløpsvatn.

For nokre område av kommunen, til dømes Dalen og Hallbjørnsekken, kunne det vore nyttig at avløpsleidningsnettet sin utstrekning blei synt som informasjon på plankartet. For Dalen er dette ikkje mogleg med gjeldande målestokk, sjå merknader til kart og føresegnar nedanfor.

LNF med høve til bygging av bustader og yrkesbygg

Det er lagt til rette for 340 bustad- og yrkesbygg fordelt på 17 område i LNF. Vi sett spørsmålsteikn om dette er eit realistisk tal. Dersom kommunen meiner at behovet for nye bustader og yrkesbygg er så høgt, burde det ha vore lagt til rette gjennom byggeområde for nærings- og industri og byggeområde for bustader. Vi kan ikkje sjå at det er lagt til rette for nokre framtidige bustadområde i kommunen, med unnatak av gjeldande reguleringsplanar som til dømes for Dalen-området.

LNF med høve til bygging av fritidsbustader

Det er lagt ut i alt 18 område med til saman høve til 192 einingar spreidd i LNF. Vi legg til grunn at det er gjort vurderingar av omfang og lokalisering i høve til den primære arealbruken (LNF). Vi synest likevel at tal einingar for fritidsbustader i LNF er for høgt og at mange av områda burde ha vore lagt ut som byggeområde for fritidsbustader, slik at ein konsentrerer utbygginga innanfor mindre område som gir betre avklaringar i høve til infrastruktur, natur- og miljøvernomsyn osv.

Område for råstoffutvinning

Etter det vi kan sjå ligg det inne 5 slike område der alle er vist som eksisterande område for masseuttak i plankartet. I føresegnene er det sett krav om uttaksplan ved søknad om nye uttak. Da det ikkje er lagt til rette for nye område i arealdelen bør ikkje slike tiltak handsamast etter ein uttaksplan. Tiltaket vil vere i strid med overordna plan og dei naudsynte avklaringane er difor ikkje avklara. Det må difor krevjast reguleringsplan for nye uttak.

Område som er bandlagt eller skal bandleggast

Det er ikkje samsvar mellom teiknforklaringa og plankartet for område som er bandlagt etter naturvernlova, dette må rettast opp. Storskogen naturreservat er nyleg vedteken og må teiknast inn på plankartet. Kart for området er lagt ved.

Tiltak i 100 meters belte til vatn og vassdrag

Det er føresegn om byggjegransseforbod mot verna vassdrag på 100 meter. For vatn og vassdrag utanom verna vassdrag er det føreslege retningsline for byggjeforbodssone på 50 meter. Det er vidare utarbeida retningsline som gir høve til å byggje nærare enn 50 m. I og med at byggjeforbodssona er ei retningsline, er dette berre rettleiande og ikkje juridisk bindande. Å halda strandsona fri for tiltak er ei klok arealforvaltning både utifrå ålmenne interesser og for økonomisk arealutnytting. Vi ser at den utviklinga som har skjedd ved kysten er i gang med å skje i innlandet, men her er det framleis mogleg å unngå ei slik utvikling. Vi har erfart at det er et vanleg problem at fritidsbustader ligger for nær strandsona, slik at dei skaper problem for den frie ferdsla etter friluftlova, både for ålmenta og hytteigarane sjølve i området.

Vassdragsforvaltning og miljøtilpassa arealplanlegging er omtala i ein rekke styringsdokument. St.melding. nr.21 (2004-2005) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" omtalar omsynet til vassdrag og arealplanlegging.

Det nasjonale resultatmålet for ein offensiv areal- og ressurspolitikk for vassdraga (kap 11) er at vassdraga skal sikrast gjennom heilskapleg arealpolitikk som tek vare på vassdragslandskap, vassdragsbelte og vassressursar. Vidare presiserast det at alle kommunar i sine kommuneplanar bør fastsette nærare byggegrense langs vassdrag og at dette må følgjast opp i vidare detaljplanlegging. Vidare blir det i kap.11.5 miljøtilpasset utbygging av fritidsbustader, sagt at kommunane skal ha klare grenser for kva for område som ikkje skal byggjast ut. Område langs vatn og vassdrag (50-100 m) er lista opp som eit av dei områda som ikkje bør byggjast ut. Det er uheldig at kommunen ikkje ynskjer å ta dette plangrepet for å ivareta strandsona på ein best mogleg måte. Vi rår difor kommunen til å endre byggjeforbodsona mot vatn og vassdrag frå retningsline til føresegn, og utvide sona til 100 m.

Inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON)

Alle inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON) er kartlagt og klassifisert etter eit felles system, seinast i 2004. Tokke har INON-område. Ivaretaking av større samanhengande naturområde er omtalt i fleire offentlege miljøpolitiske dokument:

I St.meld nr 29 (Arealmeldinga) legg regjeringa stor vekt på at den einskilde sektor og kommune så langt som mogleg må unngå ytterlegare inngrep i store samanhengande naturområde, urørt av tekniske inngrep. Det poengterast vidare at inngrepsfrie naturområde må forvaltast som ein del av vår nasjonale arv. Vidare uttrykker regjeringa i St.meld. nr 58 (Berekraftmeldinga) at ein vil arbeide for å sikre eit representativt utval av alle naturtypar, samt dei større samanhengande urørte naturområda. Store samanhengande naturområde som er tilnærma urørt av tekniske inngrep vil vere særleg viktige i høve til å ta vare på biologisk mangfald. Meldinga seier vidare at kommunane har ei heilt sentral rolle i arbeidet med å ta vare på mangfaldet, og dette skal gjenspeglast i kommunen sine arealplanar og andre styringsdokument. Planen i sin noverande form vil ikkje røre ved inngrepsfrie område (INON), men blir det gitt løyve til tyngre tekniske inngrep, som til dømes veg til fritidsbustadene i Botnedalen og Strandstøydalen, vil INON-områda bli rørt av den planlagde utbygginga. Dette er eit omsyn som ikkje er

handsama i arealdelen. Fylkesmannen vil difor ved handsaming av reguleringsplanar i desse områda vere skeptisk til tiltak som kan røre ved INON-avgrensinga.

Biologisk mangfald

Det er positivt at kommunen no har kartlagt biologisk mangfald og gjennomført ekstra kartleggingar for område som planlagt til fritidsbustader i arealdelen. Vi går ut ifrå at resultatane av kartleggingane og evt. andre utredningar blir lagt til grunn ved vurdering av biologisk mangfald i vidare detaljplanlegging.

Fisk

Tokke kommune forvaltar ei av dei viktigaste stammene av storaure i Telemark, i Bandak med Tokkeåi som gytestad. Storaurestamma er påverka av vasskraftutbygging, men den har trekk ved seg som gjer at den må rangerast svært høgt (mellom anna er den ikkje kultivert). Det er utan tvil svært sterke interesser knytt til ivaretaking av Bandakstamma med gyte- og oppvekstområda. Dette er ikkje tatt opp i arealdelen og vi rår til at kommunen tek aktuell del av Tokkeåi inn som område for særskilt bruk eller vern av vassdrag og sjøområde (§20-4 nr.5), jfr § 7 i lakse- og innlandsfiskeloven. Området er omfatta av eigen fiskeforskrift.

Omsyn til støy

Det er ikkje samsvar mellom kart og teiknforklaring, oransje farge, når det gjeld dei to skytebanane. Det er elles lagt inn eigen signatur for støysoner rundt skytebanane som kan gje nyttig informasjon i samband med arealbruken inntil banane. Det bør gå fram av kartet kva for eit støynivå som støysonene indikerer i desse to tilfella. Vi syner elles til oversending i 2001 når det gjeld støysoner for ny bane i Kviteseid aust for Mostøyl som gjeng inn i Tokke.

Motorsportsanlegg ved Mostøyl må teiknast inn på plankartet med mindre dette er lagt ned.

Når det gjeld gjeldande krav til støy og arealbruk i saker som omfattar mellom anna skyebaner og motorsportsanlegg syner vi til følgjande lenke til SFT sin heimeside: <http://sft.no/nyheter/dbafile12547.html>. Her finn ein vidare lenker til dei nye retningslinene, MD-rundskriv T-1442, og til generell informasjon om retningslinene og om kommunane si praktisering av desse.

Barn og unge sine interesser

Planen legg til rette for opptil 340 nye bustadeiningar som spreidd utbygging i LNF-område. Dette vil vere hovudsatsing i kommunen når det gjeld bustadbygging og som særleg vil røre ved barn og unge sine interesser. I føresegnene under LNF-område må det setjast dei same krava for ivaretaking av interessene til denne brukargruppa som det er sett krav til under byggeområda.

Samfunnstryggleik

Det er lagt ut nye områder for utbygging, byggeområde og LNF-område med spreidd utbygging, i høve til tidlegare utkast til ny arealplan. Det går ikkje fram av planomtalen om disse områda med unntak av Byrtedalen, er vurdert i f.t. samfunnstryggleik og beredskap. Dette kravet gjeld også eldre område som blir vidareført, sjå pbl. § 68. Det er såleis uklart kva for vurderingar som er gjort.

Det er i overordna plan, arealdelen, det skal takast stilling til om aktuelle område kan utbyggast, eventuelt kva for område etter ei grovmaske vurdering som må undersøkast nærare ved detaljplan, alternativt i byggesak. Fylkesmannen ser det som ein fordel om det i oversikt over aktuelle utbyggingsområde hadde vore opplyst om desse er utsett for flaum, snøskred og/eller steinsprang.

Pkt. 1.1.1 omhandlar fareområde. Det er ikkje avsett område til fareområde, jfr. pbl. § 25 nr.5, samt at det ikkje er angitt kva for område som er utsett for flaum og ras/skred, jfr. ovanfor. Byggeområde som er utsett for flom og ras, kan alternativt leggjast ut til "annet byggeområde" med spesifisering om krav til ytterlegare utgreiingar.

Flaumsonkart for Dalen blei lagt fram 10.04.2003. Dette må innarbeidast i arealdelen. Dette kan til dømes gjerast ved at det blir tatt inn byggehøgder berekna i f.t. 100-års flaum med påslag 20 cm.

Fylkesmannen v/fylkesberedskapssjefen har motsegn fordi flaumsonkartet ikkje er innarbeida i arealdelen.

Høgspenliner kryssar over fleire område lagt ut til spreidd bustadbygging. Når det gjeld omsyn til elektromagnetiske felt og helsefare bør kommunen ta stilling til høgste magnetfeltverdi ved bustader, skule og barnehage og sette dette som eit krav i føresegnene. Som rettleiing visar vi til NOU 1995:20.

Merknader til kart og føresegner

Kart og teiknforklaring

Det første arealformålet i teiknforklaringa under pkt. 1 Byggeområde er Byggeområde (gult). Vi går ut frå at det meinast Bustadområde, og at dette samsvarer med pkt. 1.2 Bustadområde i føresegnene. Dette må endrast, slik at det er same omgrep som blir brukt i teiknforklaringa og i føresegnene.

Det er ikkje skilt mellom nåverande og framtidig bustadbygging. Det må skiljast mellom nåverande og framtidig bustadbygging i teiknforklaringa og på kartet, fordi det i føresegnene blir skilt mellom eksisterande og nye bustadområde. Det må vere samsvar mellom kart og teiknforklaring og føresegner.

For LNF der spreidd bustadbygging er tillatt er det ikkje mogleg å skilje mellom nåverande og framtidige område på kartet, sjølv om det er skilt mellom dette i teiknforklaringa.

90874610

Når det gjeld byggeområde for fritidsbebyggelse, er det ikkje mogleg å skilje mellom nåverande og framtidig fritidsbebyggelse på kartet, sjølv om det er skilt i teiknforklaringa.

Det er ein rekkje stader der det ikkje er samsvar mellom kart og teiknforklaring, evt. at teiknforklaringa er mangelfull. Dette gjeld m.a.:

Skravur for ulike område som er bandlagt er falt ut av teiknforklaringa.
Skravur for nedslagsfelt for drikkevatt er falt ut av teiknforklaringa.

Under 5. Område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, er det i teiknforklaringa vist til vernesona i Bandak. Denne er falt ut av plankartet.

Framlegg til framtidig høgfartsbane er i teiknforklaringa lagt inn som viktig ledd i kommunikasjonssystemet, medan det i Føresegner og retningsliner står som planinformasjon.

Reguleringsplanar er lista opp i teksten med numrering, men ikkje vist i planen. Derimot er det satt inn tal innafor avmerka reguleringsplanområde som ein ikkje finn igjen i teksten.

I Dalen-området er det ikkje mogleg å skilje på arealbruksformåla på grunn av for stor målestokk, og vi kan difor ikkje tyde om det er planlagt nokre nye tiltak utover kva eksisterande reguleringsplan viser. Område bør visast i eget utsnitt i mindre målestokk, som informasjon.

Føresegner og retningsliner

Det er skilt på ein god måte mellom kva som er juridisk bindande føresegner, og kva som er retningsliner til bruk i sakshandsaminga. Dette er gjort ved at juridisk bindande føresegner er med utheva skrift.

Haldningar til eldre planar

Det er positivt at reguleringsplanar og bebyggelsesplanar som framleis skal gjelde er lista opp.

Disposisjonsplanar er lagt inn enten som byggeområde for fritidsbebyggelse eller som LNF-område der spreidd fritidsbebyggelse er tillatt, samstundes som det er vist kor mange ubebygde tomter som står att. Disposisjonsplanar er no ikkje lenger ein plantype etter plan- og bygningsloven, og må innarbeidast i arealdelen. Lista over disposisjonsplanar som framleis skal gjelde vil då kunne takast ut. Vi viser og til Veileder for Kommuneplanens arealdel, T-1382, s. 63.

Det inneber at disposisjonsplanar som leggst inn som byggeområde fører til at jordloven trer ut av kraft. Etter pkt. 1.1 i føresegnene går det fram at det er krav om reguleringsplan for byggeområda, og vi er usikre på om dette fører til at fullføring av disposisjonsplanar som no er lagt ut som byggeområde fører til krav om plan. Alternativt om det må gjevast dispensasjon for plankravet for den vidare utbygginga. Disposisjonsplanane er såpass gamle no at det hadde vore ein fordel å få vurdert utbygginga på nytt gjennom ein

reguleringsplan, jf. og kommunen sin eigen målsetting om miljørevisjon av gamle planar slik det går fram av pkt. 6.0 i planomtala. Det er berre plasseringa av sjølve fritidsbustaden som går fram av ein disposisjonsplan, alle andre forhold er ikkje vurdert. Ved revisjon av arealdelen skal gamle planer også vurderast om dei skal vidareførast.

Disposisjonsplanar som er lagt inn som LNF-område der spreidd fritidsbebyggelse er tillatt, må flyttast til pkt. 2.4.2 Ny spreidd hyttebygging i føresegnene, i oversikten over område med tillatt ny spreidd hyttebygging og med det resterande talet på tomter som omfang på ny utbygging.

1. Byggjeområde (Pbl § 20-4, nr. 1)

1.1 Felles for byggjeområda

Det settast her krav om reguleringsplan for større byggje- og anleggstiltak etter § 93. Det må gå fram av føresegnene kva som meinast med større byggje- og anleggstiltak, elles vil alle tiltak som er nemnd i § 93 kreve reguleringsplan. Evt. kan det spesifiserast ut frå § 93 kva slags tiltak som ikkje vil utløyse krav om plan. Kommunen bør unngå å bruke omgrep som "større tiltak" i føresegnene, fordi dette er eit omgrep som etter § 23 automatisk inneber krav om plan.

Det blir gitt føresegn om byggeforbodssoner langs høgspenlinjer over byggeområde. Det blir her vist til "gjeldande føresegner", men slike byggeforbodssoner må spesifiserast nærmare for å bli bindande.

Det står under pkt. 1.1.3 at som ei retningsline at det ikkje bør førast opp bygg eller anlegg nærare vatn og elvar enn 50 meter. Vi rår til at byggjeavstandsgrense lik 50 meter blir gitt som ei føresegn for dei vassdraga som ikkje er omfatta av "rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag", med heimel i Pbl § 20-4, 2. ledd bokstav f). Vi vil også oppfordre kommunen om å vurdere 100 meters byggjeavstandsgrense for heile kommunen, også for vatn og vassdrag som ikkje blir omfatta av "rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag".

Det er gitt retningsline til byggeområde for fritidsbustader om at storleik på bygningar, samt møte- og gesimshøgde, blir vurdert i kvart einskild område. Vi vil oppmode kommunen om å vurdere maksimumsgrense for storleiken på fritidsbustader som ei retningsline i arealdelen. I pkt. 1.3.2 blir det gitt maksimalstorleik for eksisterande hytter som ikkje er omfatta av plan. Det bør vere same regler for fritidsbustader i og utanfor plan.

1.2 Bustadområde

Eksisterande bustadområde

Det blir her gitt retningslinjer for endring av reguleringsplaner i eksisterande bustadområde. Er det berre ved endring av reguleringsplan at det skal takast omsyn til god byggeskikk osv i eksisterande bustadområde? Vi spør og om alle eksisterande bustadområde er regulerte? Dersom det finnes gamle, eksisterande bustadområde som ikkje er regulerte, er det mogleg å gje føresegner til kva slags utvikling som det skal opnast for.

Nye bustadområde

Det blir her gitt retningsline om at det skal liggje føre plan for uttak og disponering av grusressursane før utbygging av nytt bustadområde på Huvestadodden. Vi er usikre på kva som blir meint med dette.

1.3 Hytte- og turistområde

Vi meiner dette punktet må kallast "Område for fritidsbustader" for å vere i samsvar med omgrepa brukt i teiknforklaringa. Reine turistområde vil vere næringsverksemd, som er eit anna arealformål.

I pkt. 1.3.2 blir det gitt føresegn om maksimumsgrense for storleik på eksisterande og nye hytter som ikkje er omfatta av regulerings- eller bebyggelsesplan. Vi minner om at nye hytter som ikkje er omfatta av eksisterande planer vil utløyse krav om reguleringsplan, jf. plankrav i pkt. 1.1. Slik føresegna no står, kan den gje inntrykk av at nye hytter opp til 150 m² BRA kan byggast utan plan.

2. Landbruks-, natur- og friluftsområde (Pbl § 20-4, nr. 2)

2.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Det blir gitt retningsline om at kommunen er positiv til restaurering av støylar. Ei eksisterande støyl kan alltid reparerast. Ei retningsline som her er føreslege kan bli misvisande, og gje forventningar om at utvidelse/utbygging er tillete, samt alternativ bruk til utleige.

2.3 LNF-område med høve for spreidd bustad- og yrkesbygg

I pkt. 2.3.2 blir det gitt føresegn om at det skal vere ordna trygg tilkomst til skular før nye bueiningar vert teke i bruk. Det er ikkje heimel i pbl. til å gje rekkefølgeføresegner til spreidd utbygging i LNF-område, berre til utbyggingsformål, sjå pbl. § 20-4, 2. ledd bokstav b).

Ein oversikt viser område med tillete ny, spreidd bustad- og yrkesbygging med angjeve omfang for kvart område. Under oversikten står det som retningsline "I tillegg til bygging av bustader kan det i desse områda tillatast bygging av yrkes-/næringsbygg." Dette kan gje inntrykk av at det i kvart område er opna for 20 bustader, og at det i tillegg kan byggast yrkes-/næringsbygg. Det må spesifiserast kor mange bustader som skal tillatast i kvart område, og kor mange yrkesbygg som skal tillatast i kvart område.

Det er gitt føresegn om at næringer som kan gje ulemper, slik som støy-, lukt- og støvplagar, ikkje skal tillatast. Kva er heimelen for denne føresegna? Det blir vidare kravd utarbeidd særskilde utgreiningar og planar for konfliktfylte tiltak. Heimelen for dette må og gå fram. Vi kan og tenke oss at dei nye lovreglane for konsekvensutredningar vil slå inn her med krav om vidare utgreiningar, men dette vil i hovudsak gjelde større tiltak som omfattast av Forskrift om konsekvensutredningar 1. april 2005.

Det er opna for spreidd bustad- og yrkesbygg på i alt 17 ulike område i kommunen. I kvart av desse områda er det tillatt i alt 20 bustad- og/eller yrkesbygg, bygd spreidd. Dette inneber altså at kommuneplanen opnar for totalt 340 nye einingar bygd spreidd i kommunen. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om det er realistisk at det opnast for så stor spreidd utbygging i nærmaste 12-årsperiode.

Det er opna for 20 nye einingar innanfor kvart av områda. Talet verkar skjematisk sett, og det er uklart om det er gjort ei vurdering av kor mykje nybygging kvart enkelt område tåler utan å miste karakteren av å vere bygd spreidd, og går over til å bli eit byggjeområde. Vi viser her til Veileder til kommuneplanens arealdel T-1382, s. 35, der det går fram at utgangspunktet er at området skal ha karakter av å vere opent. Spreidd utbygging i LNF-område skal ha karakter av å vere ei mindre, avgrensa utbygging.

Fylkesmannen v/staben har derfor motsegn til kommuneplanens arealdel når det gjeld omfang av spreidd bustad- og yrkesbygg i LNF-området, med heimel i pbl § 20-4.

2.4 LNF-område med høve for spreidd hyttebygging

I referat frå planforum 18.05.05 går det fram at kommunen har hatt et samarbeide med grunneigarar i Byrtedalen, og kome fram til semje om fordeling av hytter på bruka i dalen. Arealdelen vil ikkje kunne styre ei slik fordeling grunneigarane imellom. Vi gjer merksam på at dersom det blir vedteke at Byrtedalen skal ha t.d. 20 fritidsbustader bygd spreidd, vil planen ikkje kunne gje heimel for avslag dersom ein grunneigar søker om t.d. alle einingane.

I pkt. 2.4.2 om ny spreidd hyttebygging blir det gitt føresegner om utsjånad, og at dette er viktige delar som skal verte vurdert og fastsett reglar om i bebyggelsesplanane. Det er likevel ikkje krav om bebyggelsesplan før utbygginga omfattar 5 einingar eller meir, inklusive eksisterande.

Det er gitt løyve til spreidd hyttebygging i 18 ulike område. Til kvart område er det oppgjeve omfang av ny spreidd hyttebygging som er tillatt. For nokre av desse områda er det opna for svært mange nye hytter. Dette gjeld SH2 Byrtedalen med 30 nye hytter, SH 3 Botnedalen med 35 nye hytter, SH 4 Strandstøydalen med 15 nye hytter, SH 5 Bessedalen med 20 nye hytter og SH6 Hylebu-Åmli med 15 nye hytter. Sjølv om desse områda er til dels store område, vil arealplanen ikkje kunne sikre at områda framleis har karakter av å vere bygd spreidd. Vi viser óg her til Veileder til kommuneplanens arealdel T-1382, s. 35, der det går fram at utgangspunktet er at området skal ha karakter av å vere opent, og at spreidd utbygging i LNF-område skal ha karakter av å vere ei mindre, avgrensa utbygging.

Fylkesmannen v/staben har derfor motsegn til kommuneplanens arealdel når det gjeld omfang av spreidd hyttebygging i LNF-området, med heimel i pbl § 20-4. Dette gjeld områda SH2 Byrtedalen, SH3 Botnedalen, SH4 Strandstøydalen, SH5 Bessedalen og SH6 Hylebu-Åmli.

3.0 Område for råstoffutvinning

Det blir i pkt. 3.1 gitt føresegn om at det skal leggjast fram uttaksplan i samband med søknad om massetak. Det er ikkje heimeleg for å gje krav om uttaksplan i føresegnene. Den einaste føresegna som kan knyttast til denne arealkategorien er krav om reguleringsplan før uttak finn stad, jf pbl. § 20-4, 2. ledd bokstav a). Vi viser og til Veileder for kommuneplanens arealdel T-1382, s. 41-43. Andre krav om kommunen måtte ønskje å sette til område for råstoffutvinning kan berre styrast ved bruk av reguleringsplan. Slike krav kan eventuelt gå fram av arealdelen som retningslinjer til vidare planlegging.

I teiknforklaringa er det berre vist nåverande masseuttak, ikkje framtidige. Det kan derfor ikkje gjevast føresegnar til nye masseuttak dersom dei ikkje er vist på plankartet. Eventuelle nye masseuttak som vil kome vil dermed vere i strid med arealdelen, og må avklarast gjennom utarbeiding av reguleringsplan.

Motsegn

Fylkesmannen i Telemark har delegert fullmakta til å fremje motsegn etter Plan- og bygningsloven inkl. rikspolitiske retningslinjer til dei einskilde fagavdelingane.

Fylkesmannen si miljøvernavdeling har motsegn til feltet SH 7 (Gamasfit; 5 hytter) og vestre del av område vist som framtidig fritidsbustadbygging vest for R3 og R4, Hallbjørnsekken vest og sør.

Fylkesberedskapssjefen har motsegn fordi flaumsonekartet ikkje er innarbeida i planen.

Fylkesmannen v/staben har motsegn til følgjande forhold:

- omfang av spreidd bustad- og yrkesbygg i LNF-området
- omfang av spreidd hyttebygging i LNF-området. Dette gjeld områda SH2 Byrtedalen, SH3 Botnedalen, SH4 Strandstøydalen, SH5 Bessedalen og SH6 Hylebu-Åmli.

Grunngjeving for motsegna er gitt i fråsegna ovanfor.

Når det gjeld den vidare handsaminga av motsegnene viser vi til rundskrivet "Retningslinjer for bruk av innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven", T-5/95, frå Miljøverndepartementet.

Med helsing


Stein Elseth
ass. fylkesmann

Kristin B. Vindvad
Kristin B. Vindvad
rådgivar

Vedlegg


Kopi: Telemark fylkeskommune, Regionaletaten, 3706 Skien

Kopi internt: Miljøvernadv. v/Gerd-Louise Wessel og Svein Rorge
Landbruksadv. v/Øystein Vatnar
Sosial- og helseadv. v/Roger Jensen
Fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen




72

Bandak



STORSKOG NATURRESERVAT
Tokke kommune, Telemark fylke

 **Grænse for verneområdet**

Miljøverndepartementet, mai 2005

Målestokk 1:6000, ekv. 5m
 Kartblad BN 033-S-1
 Koordinatsystem - Euref 89
 Kartgrunnlag, tilatelse: Geovekst, GV-L-0900
 Kartproduksjon - Fylkesmannen i Telemark 2005

0 60 120 180 240 300 meter

N



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

Tokke kommune
 Teknisk Etat

3880 DALEN

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 0607/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 32
n 6 JULI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Ref. 04/01160-17

Vår ref. 01/02075-012
 140 /KITP

Dato 30.06.2005

SVAR - OFFENTLIG ETTERSYN - AREALDELEN I TOKKE KOMMUNE

Kort om saka

Telemark fylkeskommune syner til referat og innspill frå Planforum 18.05.05.

Tokke kommune bør i forbindelse med det vidare arbeidet med kommuneplanen videreføre arbeidet med kommunedelplaner for en positiv utvikling av de fysiske omgivelsene i tettstedene. Kommunen må sjøl vurdere konsekvensane av, og tålegrensa for en utbygging som kan få negativ betydning for innbyggernes fysiske omgivelser og opplevelsestilbudet for tilreisende.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Synfaring av automatisk freda kulturminne som er gjennomførde i samband med utarbeiding av t.d. Økonomisk kartverk, er ofte ufullstendige. Det er difor sjanse for at det ligg automatisk freda kulturminne som ikkje før er registra innanfor områda som dekkas av kommuneplanen.

Fylkeskommunen har av denne årsak ikkje grunnlag for å greie ut kva følgjer den føreslåtte arealdisponeringa får for konsekvens for eventuelle automatisk freda kulturminner. Vi må difor presisere at vi ved vår fråsegn ikkje kan seie oss samd i arealbruken i kommuneplanen, jfr. kulturminnelova § 8,4. ledd. Dette førar med seg at arealdelen til kommuneplanen ikkje har direkte rettsverknad i høve til automatisk freda kulturminne, noko som kan få særleg konsekvens for område som leggjast ut som byggeområde. Arealbruken vil fyrst bli avklåra når dei einskilde regulerings- og utbyggingssplanar sendas til fylkeskommunen som sektormynd for kulturminnevern. Av dette følgjer og at kulturminnevernet må være høyringsinstans og når det gjeld tiltak i LNF-områda, på line med sektorane vilt/miljø og landbruk.

Ynskjer kommunen ei klårgjering av moglege konfliktar på kommuneplanstadiet, er dette fullt mogleg innanfor dei område som ynskjes lagt ut til byggeområde. Det kan løne seg dersom kommunen veit at kommuneplanen vil utløyse arbeid med fleire reguleringsplanar. Synfaringane vil gjerast meir rasjonelt dersom fleire reguleringsplanar kan tas under eitt. Kommunen vil då på vanleg måte dekkja kostnaden med dei arkeologiske undersøkingane som er naudsynt for å kunne vurdere om utbygginga kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Følgjene tekstdel bør bli innarbeidd i reglane til arealdelen i kommuneplanen:

Alle forslag til planar innanfor området skal sendast fylkeskommunen til fråsegn, jfr. kulturminneloven §9.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	E-post	Internett
Fylkeshuset 3706 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35 58 42 00 35 58 42 77 (dir.)	35 52 99 55	post@t-fk.no	www.telemark-fk.no

For meir informasjon om handsaming av kulturminner i arealplansamanheng, syner vi til Riksantikvaren sin rettleier "Kulturminner og kulturmiljøer. Plan- og bygningsloven" (2002) som er sendt kommunen i to eksemplar januar 2002. Når det gjeld kartavmerking av kulturminne i kommuneplanen sin arealdel syner vi til Miljøverndepartementet sin rettleier "Kommuneplanens arealdel" (T 1382), dagsett 01/11/01.

Kontaktperson for innspel i samband med automatisk freda kulturminne er rådgjevar Torbjørn Landmark, tlf. 35 58 42 71

Omsyn til nyare tids kulturminner

Kommunen bør utarbeide eit eige temakart som omhandlar kulturminna det vil seie kulturlandskap, kulturmiljø, nyare tids kulturminne (vedtaksfreda og verneverdige) samt automatisk freda kulturminne. Desse bør avmerkas som større eller mindre område (areal) i temakartet. Det er såleis ikkje naudsynt at eit slikt temakart berre tar for seg områder som er underlagt formelt vern. Ei slik avmerking er viktig ved at kommunen har oppsyn med dei aktuelle områda, og kan regulere desse til spesialområde bevaring ved høve.

Dei automatisk freda kulturminna må avmerkas i temakartet med ein "rune-R". "FKm" nyttas for vedtaksfreda kulturminne og kulturmiljø, jfr. Riksantikvarens rettleier "Kulturminner og kulturmiljø. plan- og bygningsloven" (s. 23ff). For kartavmerking for større areal syner vi til Miljøverndepartementets rettleier "Kommuneplanens arealdel" T 1382 (s. 101).

Kommunen bør og invitere den regionale kulturminneforvaltninga til et samarbeid for å sikre at nye fritidsboligar ikkje blir lokalisert og utformet slik at dei reduserer verneverdiane både i forhold til kulturlandskap og verneverdige støy-sanlegg og enkeltobjek.

Kontaktperson for innspel i samband med nyare tids kultminne er rådgjevar Otto Christian Dahl, tlf. 35 58 44 20.

Andre innspel

Det bør tas kontakt med regiongeologen for å avklare problematikken omkring uttak av masser.

Det bør utarbeides kommunedelplaner for tettstedene i kommunen.

Kommuneplanens arealdel inneholder ingen tiltak som er av en slik betydning at Telemark Fylkeskommunen vil vurdere å reise innsigelse mot kommunal egengodkjenning av arealdelen.

Med helsing



Per Ove Kittelsen
rådgiver - regionaletaten
per-ove.kittelsen@t-fk.no

Kopi til: Fylkesmannens miljøvern-avdeling, Statens Hus, 3708 Skien
Fylkesmannens samfunns-avdeling, Statens Hus, 3708 Skien



Statens vegvesen

Tokke kommune
teknisk etat
3880 DALEN

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3254/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 18
7 18 JUNI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Behandlande eining:
Region sør

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Arnt Honstad - 35025189

Vår referanse:
2003/19944-010

Dykkar referanse:
04/01160-17

Vår dato:
15.06.2005

Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2005 - 2017 for Tokke kommune

Vi viser til oversending frå Tokke kommune datert 31. mai d.å.

Planutvalet i Tokke kommune vedtok i møte 25.05.05 å legge kommuneplanen sin arealdel ut til nytt offentleg ettersyn. Endringar etter førre ettersyn i 2003 er i hovudsak nokre nye utbyggingsområde og nye områder for spreidd hyttebygging.


Vi har følgjande merknader/kommentarar til saka:


Forklaring på kva som ligg i dei ulike haldningsklassane for avkøyrslar bør inn i retningslinene på plankartet. Jf. vår høyringsuttale datert 09.04.2003 til førre ettersyn av arealdelen.

Fargesymbola for LNF - områda der spreidd bygging er tillete er så like at det er vanskelig å tolka plankartet på dette området.

Den viste traseen for høgfartsbanen kryssar og overlappar E 134 over ei lengre strekning aust for Høydalsmo. Som vi skrev i vårt brev 09.04.2003 må det gå tydeleg fram av plankartet at banen her skal leggjast i tunnel.

Plan og forvaltning - Øvre Telemark distrikt
Med helsing


Marit Pettersen Lindgren
seksjonsleiar


Arnt Honstad
overingeniør

arntho/ingebn

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Serviceboks 723
4808 Arendal

Telefon: 815 48 000
Telefaks: 37 01 98 01
firmapost-sor@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Semsveien 42
NOTODDEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Tokke kommune

3880 DALEN


Dykkar ref: Vår ref:
05/00459-3Sakshandsamar/e-post:
Gunhild Slyngstad
gunhild.slyngstad@fyresdal.kommune.noArkivkode: Dato:
142 23.06.2005

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3457/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 19
28 JUNI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Særutskrift:**Framlegg til revidert arealdel Tokke kommune: Høyring**

Viser til vedlagt sak vedkomande arealdelen til Tokke kommune.

Med helsing



Gunhild Slyngstad
prosjektleder

Fyresdal kommune

Arkiv: 142
 Saksmappe: 05/00459-2
 Sakshandsamar: Gunhild Slyngstad

Møtebok

Framlegg til revidert arealdel Tokke kommune: Høyring

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
031/05	Hovudutval for landbruk og teknikk	17.06.05
042/05	Formannskapet	22.06.05

Endeleg vedtaksrett i saka har: planutvalet

Dokument i saka:

Framlegg til revidert arealdel Tokke

Vedlegg:

Oversendingsbrev 31.05.05

Bakgrunn for saka

Tokke kommune har sendt framlegg til revidert areal ut på høyring for 2. gong. Endringane i høve til fyrste utkast er i hovudsak at fleire område er lagt ut med høve til hyttebygging, jfr. vedlagt oversendingsbrev.

Fyresdal som nabokommune har høve til å leggje inn motsegn til arealdelen i Tokke, jfr. Pbl. § 20-5. Saka vert sendt LT-utvalet for uttale, før endeleg vedtak i planutvalet.

Vurdering

I høve til villreininteressene ser ein at området ved Gausbu, vest for Grimdalen, er lagt ut til utbyggingsføremål. I villreinkartet for Setesdal Austhei (1997), er dette området merka av som villreintrekk. Ein meiner at gjeldande villreinkart bør leggjast til grunn i samband med arealplanlegginga i kommunane, så langt det ikkje er erstatta av eit nytt som gjev oss ny informasjon om statusen.

Vi meiner det òg er uheldig at ein legg opp til vidare utbygging langs store delar av Skafsåvegen før det er teke stilling til om Setesdal Austhei villreinområde skal innlemmast i nasjonalt villreinområde saman med Setesdal – Ryfylke.

Når det gjeld nytt utbyggingsområde ved Skredvatn, meiner ein dette bør gå ut. Fyresdal har i sin arealdel teke omsyn til at området kring Skredvatn er lite råka av hyttebygging og meiner det bør takast vare på slik det er.

Konklusjon

Fyresdal kommune meiner arealdelen til Tokke i for liten grad tek omsyn til villreintrekk ved Gausbu. Samstundes er det frå Fyresdal sitt synspunkt lite ynskjeleg å leggje til rette for hyttebygging ved Skredvatn.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune har fylgjande merknader til arealdelen til Tokke kommune:

1. Utbyggingsområde ved Gausbu bør takast ut for å sikre ein tilstrekkeleg villreinkorridor i området.
2. Framlegg til utbyggingsområde ved Skredvatn bør av omsyn til heilskapen i området takast ut.

Handsaming i Hovudutval for landbruk og teknikk - 17.06.2005:

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for landbruk og teknikk - 17.06.2005:

Fyresdal kommune har fylgjande merknader til arealdelen til Tokke kommune:

1. Utbyggingsområde ved Gausbu bør takast ut for å sikre ein tilstrekkeleg villreinkorridor i området.
2. Framlegg til utbyggingsområde ved Skredvatn bør av omsyn til heilskapen i området takast ut.

Handsaming i Formannskapet - 22.06.2005:

Framlegg frå B. Nome:

Stryke pkt. 2

Framlegget fekk 1 røyst

4 røysta for innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskapet - 22.06.2005:

Fyresdal kommune har fylgjande merknader til arealdelen til Tokke kommune:

1. Utbyggingsområde ved Gausbu bør takast ut for å sikre ein tilstrekkeleg villreinkorridor i området.
2. Framlegg til utbyggingsområde ved Skredvatn bør av omsyn til heilskapen i området takast ut.

Vigdis Mariedatter Gulbrandsen
Rådmann

Gunhild Slyngstad
prosjektleder



Nissedal kommune - Kviteseid kommune

Interkommunalt plankontor



Tokke Kommune

Teknisk etat
3880 DALEN

Dykkar ref:
04/01160-17

Vår ref:
04/01008-5

Saksbeh:
Sveinung Seljås, 35 04 84 30
sveinung.seljas@nissedal.kommune.no

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3590105	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr.
04 JULI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Arkivkode: NISSEDAL 140	Kassasjef: 01.07.2005

Svar offentlig ettersyn - arealdelen i Tokke.

Kviteseid kommune har mottatt framlegg til rullert kommuneplan, arealdelen, for Tokke kommune, 2.gongs høyring.

Kviteseid kommune har ikkje merknader til planframlegget.

Med venleg helsing


Sveinung Seljås
Sveinung Seljås
-plansjef

Kopi:

- Utg.skriv
- Saksmappa



**Setesdal Austhei
Villreinlag**



Tokke kommune
Teknisk etat

3880 Dalen

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3688/05	Saksber: AVE
Saksnr. 04/1160	Dok. nr. 28
07 JULI 2005	
Ark.kode P	142
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjef:

04.07.05

Kommuneplan for Tokke, arealdelen - uttale

Setesdal Austhei Villreinlag har fylgjande merknad/uttale til framlegg til arealdel:

- ♦ Det er viktig at eksisterande trekk-korridorar for villrein vert oppretthalde og at det vert teke omsyn til dette, samt kalvingsområda, i planlegging av utbyggingsområde i kommuneplanen
- ♦ Ferdsel (løyper m.m) i samband med utbyggingsområda, må kanalisrast slik at villreininteressene vert ivareteke, jfr. punktet ovanfor.
- ♦ Villreinlaget er skeptisk til ei vidare utbygging vest for det eksisterande området ved Hallbjørnsekken.

Med helsing

Svein Ekre
Formann


Torleif Homme
Sekretær

Advokat
OLAV FELLAND

Møterett for Høgsterett
 M.N.A. Jordskiftekanal

Advokat Olav Felland
 Advokat Jon Rikard Kleven
 Adv. flm. MBA Vetli Felland
 Kontorsjef Randi J. Felland

Tokke kommune
 Teknisk etat
 3880 Dalen

TOKKE KOMMUNE			
Løp.nr.	302/05	Saksbeh.	AVE
Saksnr.	04/1160	Dokument	27
n 7 JULI 2005			
Ark.kode	P	142	
Ark.kode	S		
Ref.		Kassasjon	

Dalen, 05.07.2005

Merknad til arealdelen – større aktivitet – ikkje byggegrense til vatn og vassdrag

I samband med at arealdelen er lagt ut til offentlig ettersyn, vil eg koma med to stutte merknader som eg ber planutvalet og seinare kommunestyret taka alvorleg opp til drøfting.

1. Hyttebygging skaper aktivitet i kommunen

Vedlegg 1 er innlegg som eg hadde i Vest-Telemark Blad. Innlegget er datert 23.5.05. Til slutt på s. 1 heiter det:

"Forskar Flagestad ved BI seier i Dagens Næringsliv 11.5.05 at fjellhyttene er dynamikken i fjellet og heilårsmarknaden vil etter kvart koma. Hytter og turistskatt gjev grunnlag for heilårs turisme."

Kvifor vil ikkje kommunen satse på det? Planen som er lagt ut er mykje for restriktiv. Det gjeld både dei større og dei mindre hytteområda og på generell basis.

Til slutt i innlegget heiter det:

"Kommunen må legge ut mykje større område til hyttebygging, slik at vi kan få ei skikkeleg satsing på det i Tokke kommune. Det er politikarane som må legge rammene og ikkje berre setje opp sperringar og kontrollar. Vi må få eit heilt anna driv over tilrettelegginga frå kommunen enn det som formannskapet legg opp til."

2. Ingen fast avstand til vassdrag

Tokke kommune er ein liten kommune når det gjeld folketalet. Det er likevel ein stor kommune når det gjeld areal. Kvifor skal ein då avgrense byggeaktiviteten slik at det blir ein avstand på 100 m langs verna vassdrag og 50 m langs andre vassdrag. 50 m er målt horisontalt. I terrenget vil det bli både 100, 200 og 300 m alt etter kor bratt lende er. I Tokke kommune veit vi at det er sær bratt mange stader. Då vil det ikkje vera høve til å bygge noko i det heile. Er det tanken?

Vatn er lokaliseringsfaktor nr. 1 ved bustad- og hyttebygging. For å få til aktivitet, må bygga trekkast heilt inn mot vasskanten fleire stader, slik at det blir attraktivt å bygge. Det er få eller ingen stader i Tokke kommune der fri ferdsel er noko problem. Når tid støyter ein på folk som ferdast langs vatn og vassdrag? Det er ikkje ofte.

Eg vil difor be om at de i alle høve ikkje set ei byggegrense lenger 30 m. Då er det meir enn god plass til ferdsel.

Det kan ikkje leggest til grunn at det skal søkast om dispensasjon. Då får ein større byråkratisk arbeid og i tillegg vil det vera slik at dispensasjonen vil bli overført frå kommunane til fylket. Det ligg i tida. Det er difor lite klokt av politikarane å overføre lokal makt.

Det er òg uråd å forstå at avstandsgrensa er sett til 100 m i området for verna vassdrag. Dersom ein ser på kartet, er verna vassdrag dei områda som er utbygde i samband med reguleringa av vassdraga. Kvifor skal det vera 100 m her? Det er på ny å gjeva makta over til sentralt hald. Dei vassdraga har ein mindre verdi enn andre vassdrag.

Venleg helsing



Olav Felland

Advokat
OLAV FELLAND

Møterett for Høgsterett
M.N.A. Jordskiftekanad.

Advokat Olav Felland
Advokat Jon Rikard Kleven
Adv. flm. MBA Vetli Felland
Kontorsjef Randi J. Felland

Vest-Telemark Blad
e-post: redaksjonen@vtb.no

Dalen, 23.05.2005

Hyttebygging i Tokke

Folketalet i Tokke er på ca. 2.460 personar. Statistisk sentralbyrå reknar med ein nedgang på ca. 25 personar pr. år fram til 2010. I 2002 var nedgangen 45 personar. I 2004 var nedgangen 4 personar. Uansett kva for tal ein legg til grunn er dette dramatiske endringar. Ut frå desse tala skulle kommunen berre arbeidd med næringsutvikling.

Arealet i kommunen

Tokke har ca 980 km². Det er eit særst stort areal. Kviteseid er på 709 km². Seljord er på ca 711 km². Den største kommunen i Vestfold fylke, Larvik, er på 530 km². Hyttebyggingskommunen Tjøme er på 38 km², dvs. mindre enn 5% av Tokke.

Mindre enn 1% av arealet i Tokke er i dagleg aktiv bruk til bustad, hytter, jordbruk m.m. Resten av arealet ligg brakk. Rett nok blir det drive med noko beiting, skogbruk og jakt, men det er ein liten aktiv driftsmåte som kastar lite av seg. I tillegg kan den samordnast med hyttebygging.

Arealdelen

I samband med endring av arealdelen dei siste tre åra har ei gruppe i kommunen arbeidd med endringar. Det var ordføraren, skogbrukssjefen og teknisk sjef. Resultatet var nedslåande. På alle område skulle hyttebygginga skjerast dramatisk ned i høve til den tidlegare arealdelen frå 1991. Den øvste politiske leiinga og toppbyråkratane har ikkje forstått kva som er det viktigaste i kommunen, nemleg å skaffe aktivitet, arbeidsplassar og omsetnad.

Hyttebygging

I 10-20 år har mange kommunar fått opp auga for kva turisme og hyttebygging kan skape av aktivitet i ein kommune. Det gjeld t.d. i Hallingdal med Hemsedal som eit særleg døme. I seinare tid har andre kommunar òg fått opp auga for dette som t.d. Vinje, Kragerø og no Drangedal. I Drangedal er vatnet Toke den store lokaliseringfaktoren. I Vinje bygger dei i dag ca. 350 hytter pr. år. I Vinje har næringsjefen rekna med at kvar hytte legg att ca. kr 25.000 pr. år.

Forskar Flagestad ved BI seier i Dagens Næringsliv 11.5.05 at fjellhyttene er dynamikken i fjellet og heilsårsmarknaden vil etter kvart koma. Hytter og turistskatt gjev grunnlag for heilsårs turisme.

Flagstad seier vidare:

"Jo større og dyrere hytter som bygges, jo bedre. Da har ikke folk råd til å la være å bruke hyttene."

I framlegget til arealdelen kunne det byggast 81 hytter i spreidde hyttebyggingsområde, som t.d. Botnedalen, Langesæ m.fl. Totalt ville dette vera ca 8 hytter pr. år. For Botnedalen var talet 12 hytter i ein perioden på 12 år. I tillegg kom den konsentrera utbygginga ved Hallbjønnsekken. Alle dei gamle disposisjonsplanane skulle gå ut med dei erstatningskrava som då kunne koma. I tidlegare disposisjonsplanar i Tokke står det tilbake 211 tomter som det ikkje er bygd på.

Gjennom handsaminga har det skjedd nokre endringar, slik at ein kanskje er tilbake til situasjonen i arealdelen frå 1991, men det er mykje for defensivt.

Satsing

Kommunen må legge ut mykje større område til hyttebygging, slik at vi kan få ei skikkeleg satsing på det i Tokke kommune. Det er politikarane som må legge rammene og ikkje berre setje opp sperringar og kontrollar. Vi må få eit heilt anna driv over tilrettelegginga frå kommunen enn det som formannskapet legg opp til.

Olav Felland

Gunnar Blomhaug
Hotellvegen 18
3880 DALEN

01.07.2005.

Tokke Kommune
Teknisk Etat
3880 DALEN

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 8591/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr.
04 JULI 2005	
Ark.kode P	192
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

MERKNADER TIL OFFENTLIG ETTERSYN AV AREALDELEN I TOKKE.

Eg er blitt ny grunneigar av gnr.113, bnr.3 som ligg på austsida av Botnedalsvatnet. Der har eg planar om å leggje ut hyttefelt, så eg vil be kommunen om å utvide det gule utbyggingsområdet der.


Etter sakspapierene som ligg på nettet vart det drøfta i planutvalget å utvide det gule utbyggingsområdet, men det vart ikkje fatta noko vedtak om utviding.

Eg har vært i kontakt med både Svein Rorge og Gerd Luise Vessel hjå Fylkesmannen om korleis dei stiller seg til ein dispensasjonssøknad frå ein vedteken arealdel. Dei vil ikkje spå utfallet av ein slik søknad. Alle søknader om dispensasjon må innom Fylkesmannen for godkjenning.

Miljvernminister Knut Arild Hareide var og i Friluftsmagasinet på NRK laurdag 18 juni og sa han ville begrense hytteutbygginga i fjellheimen. Han uttala det så sterkt at dersom kommunane hadde utarbeidd kommuneplanar så burde dei fylgjast og ikkje stadig dispenserast frå. Dette ville han engasjere seg sterkare i.

Så ut frå dette ber eg om at det gule utbyggingsområdet vert utvida.

Med helsing


Gunnar Blomhaug

Randi Johanne Felland
3880 Dalen

Tokke kommune
Teknisk etat
3880 Dalen

Dalen, 05.07.2005	
TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3627/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 25
n 7 JULI 2005	
Ark.kode P	142
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Merknad til arealdelen – generell merknad for å legge tilhøve til rette for utvikling av område i Skafså

Eg er eigar av gnr. 130, bnr. 1 og 10 i Tokke. Eg vil koma med fylgjande merknad i samband med annonseringa om offentlig ettersyn knytt til arealdelen i Tokke kommune med utgangspunkt i møtet i planutvalet 25.5.2005.

Delar av området frå Kjestveit og sørover til Åmlivatn ligg særst fint til. Området er attraktivt og turistar stoppar ofte opp for å nyte utsynet. Planleggingsmessig bør difor området utviklast med m.a. hyttebygging. Det er fleire grunneigarar som grensar til vatnet og eit utviklingsprosjekt der fleire går saman, kan legge grunnlaget for vekst og utvikling i området. Føresetnaden er at arealdelen gjev opning for initiativ, slik at hytter kan bli bygd nær vasskanten. I dag er hytter og for den saks skuld også hus -som ligg nær vasskanten mest attraktive.

Eg ber om at området blir regulert til område med ny spreidd hytteutbygging (SH) eventuelt lagt ut i samband med ein større plan.

Det er viktig at området ikkje blir bandlagt, slik at utvikling i området er uråd. Sentrale rikspolitiske retningslinjer vil truleg gjera det vanskelegare for kommunane å nytte dispensasjonar.

Venleg helsing


Randi Johanne Felland

Advokat
OLAV FELLAND

Møterett for Høgsterett
 M.N.A. Jordskiftekan.

Advokat Olav Felland
 Advokat Jon Rikard Kleven
 Adv. flm. MBA Vetli Felland
 Kontorsjef Randi J. Felland

Tokke kommune
 Teknisk etat
 3880 Dalen

Dalen, 04.07.2005

Merknad til arealdelen i Tokke – hyttetomt på Berehommen, gnr. 125, bnr. 90


Eg viser til annonseringa om offentlig ettersyn knytt til arealdelen i Tokke kommune med utgangspunkt i møtet i planutvalet 25.5.05.

Av det som er lagt ut kan det vera noko uklårt kvar byggegrensa blir sett vestover i området ved Hallbjørnsekken. Etter det eg kan sjå, går grensa lenger vest enn den tomta som eg har, men for å vera på den trygge sida sender eg inn denne merknaaden. Vedlagt ligg eit utsnitt av disposisjonsplanen frå 1977 over Berehommen, gnr. 125, bnr. 5 m.fl., vedlegg 1. Hyttetomta har nr. 20 i planen. Ho er på ca. 1,8 daa.

I vedtaket frå planutvalet heiter det under punkt 3, bokstav b at tidlegare godkjend disposisjonsplanar skal innarbeidast i arealplanen. Eg reknar difor med at det òg vil gjelde denne disposisjonsplanen med denne tomta.

Til orientering nemner eg at tomta vart kjøpt i 1987.

Venleg helsing



Olav Felland

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3626103	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 24
n 7 JULI 2005	
Ark.kode P	142
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Advokat
OLAV FELLAND

Møterett for Høgsterett
 M.N.A. Jordskiftekan.

Advokat Olav Felland
 Advokat Jon Rikard Kleven
 Adv. flm. MBA Vetli Felland
 Kontorsjef Randi J. Felland

Tokke kommune
 Teknisk etat
 3880 Dalen

Dalen, 05.07.2005

Merknad til arealdelen – Jørgen Frantzen og Rune Haugen


Jørgen Frantzen, eigar av gnr. 138, bnr. 4 og Rune Haugen eigar av gnr. 134, bnr. 1 i Tokke har teke kontakt med kontoret og bede om at det blir sendt inn ein merknad i samband med annonseringa om offentlig ettersyn knytt til arealdelen i Tokke kommune med utgangspunkt i møtet i planutvalet 25.5.2005.

Både Frantzen og Haugen ber om at området dei er eigarar av nær Gausbuvatn gjev høve til utbygging i framtida, sjå vedlegg 1 som er utsnitt av kart.

Grunneigarane ser det slik at dersom det no blir vedteke ein plan som hindrar ei framtidig utvikling i området, vil det truleg på bakgrunn av rikspolitiske signal frå miljøvernministeren no i juni blir særst vanskeleg å få dispensasjon i framtida.

På vegne av grunneigarane ber eg om at området blir regulert til område med ny spreidd hytteutbygging (SH). Dersom talet på hyttetomter skal fastleggast, ber dei om at det blir sett til 30 stk. tilsaman.

Venleg helsing




Olav Felland

Kopi:

Jørgen Frantzen, 3880 Dalen
 Rune Haugen, 3880 Dalen

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3628/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dokument
n 7 JULI 2005	
Ark.kode P	142
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:



Advokat
OLAV FELLAND

Møterett for Høgsterett

M.N.A. Jordskiftekontor

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3630/05	Saksbeh. OGN
Saksnr. 05/915	Dok.nr.
07 JULI 2005	
Ark.kode P 128/8	
Ark.kode S	
Ref.:	Kassasjon:

Advokat Olav Felland
Advokat Jon Rikard Kleven
Adv. f.m. MBA Vetli Felland
Kontorsjef Randi J. Felland

Dalen, 04.07.2005

Tokke kommune
Teknisk etat
3880 Dalen

Utlegging av eit hyttefelt med 4 nye hyttetomter på gnr. 128, bnr. 8,9 og 10 – Florentz og Sundt - nordvest i Borsæ

1. Eigedomen

Olaf Florentz og Jorunn Sundt er syskin og er sameigarar i ein eigedom som blir kalle Urdalen. Eigedomen er på ca. 3.000 daa, sjå vedlegg 1 som er kopi av topografisk kart i målestokk 1:5000. På kartet er grensene for eigedomen innteikna så nokonlunde. Nokre av borna deira har òg partar i eigedomen.

Eigedomen har tidlegare vore dela i 3 bruksnummer med fylgjande namn:

- gnr. 128, bnr. 8 - Urhomen
- gnr. 128, bnr. 9 - Krakaskrea
- gnr. 128, bnr. 10 - Egilstøyl

På kvar av desse 3 heiteigane har det vore 1 til 3 støyler. Til saman har det vore mellom 5 og 8 støyler totalt på Urdalen.

2. Situasjonen i dag

I dag er det bygd 2 hytter på denne eigedomen. Dei er markert på vedlegg 1. Hytta lengst mot nord ligg ikkje langt frå støylen Urhomen. Hyttene blir bruka relativt mykje i sumarhalvåret. Tilkomsten er med båt frå dammen over Borsæ. Vinterstid blir hyttene lite eller ikkje bruka bortsett frå i påska.

Arealet blir nytta til elgjakt og småviltjakt.

Elles blir beiteressursane nytta av sauer frå Skafså og tidlegre frå Ripilen etter samtykke frå eigarane. Dei er berre glade til at beitet blir nytta ut. Florentzfamilien er frå Kviteseid. Olaf Florentz bur i Asker. Han er gift med Kristine Florentz som er frå Edland. Jorunn Sundt har hus i Kviteseid. Ho miste mannen sin i ein brann i Kviteseid for ca. 3 år sidan.

3. Hyttetomter

På grunn av den sterke tilknyttinga som familien har til Vest-Telemark og spesielt til Borsæområdet, vil dei gjerne få lagt ut 4 nye hyttetomter på eigedomen, slik at to av

borna frå kvar grein kan få dei tomtene. Tomtene vil bli lagt ut relativt nær dei to hyttene som er på eigedomen Tilsaman blir dette 6 hytter.

Ut frå punkt 2.4 i LNF-område med høve for spreidd hyttebygging i arealdelen, ber eg difor om at det blir lagt ut eit nytt område, som kan vera SH 19 Urdalen-Borsæ 4 hyttetomter.

4. Lokal aktivitet

For ordens skuld gjer eg merksam på at både familien Florentz og Sundt i det vesentlege har handla lokalt. Hytta til Sundt vart sett opp i tømmer frå lokalt hald med snikkarar frå Skafså. No i vinter har ein lokal entreprenør frå Tokke skifta ut delar av glasa i den hytta.


For ca 3 år sidan bles taket av hytta til Florentz. Han har kjøpt alle materialane på Skreosen eller Monter og hatt lokal snikkar til hjelp. Dette vil familieane halde fram med. Det vil såleis vera lokal aktivitet knytt til desse 4 nye hyttetomtene.

5. Andre hytteplanar i området

På nord-austsida av dette arealet er det ein eigedom som har ein disposisjonplan frå tidlegare. Det er Fjellstøyl, gnr. 111, bnr. 8. Planen er frå 1974 og det er bygd ca 4 hytter på denne eigedomen som er på ca 200 daa. Etter det eg kan sjå, er det òg no godkjend utbygging av 7 hytter ved Djupetjønn. Både Florentz og Sundt ser det som positivt at det blir bygd fleire hytter i dette området, slik at det kan bli eit lite miljø. Det er langt av lei og vanskeleg tilgjenge.

Dersom noko er uklårt, ber eg om at de tek kontakt med meg på telefonen.


Venleg helsing



Olav Felland

Kopi:

Olav Florentz, Sætre Terr. 12, 1830 Heggedal
Jorunn Sundt, Måltrostvn. 8c, 0786 Oslo



Til Tokke Kommune
Teknisk etat v/ Åge Verpe

Kopi til: Ordfører
Partileiarane
Næringsavdelinga

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 3609/05	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 28
7 6 JULI 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjon:

Høyringsuttale om arealplanen 2005-2017

BYRTEDALEN har status som

- * LNF – landbruks-, natur- og friluftsområde
- * Særleg verdifullt kulturlandskap

Dette er positive prinsipp bygda er samd i, er dekkjande for dalen. Dei må vera gr.leggjande for utv. i Byrtedalen eller Norddalen ein gjerne seier lokalt. Nærings- eller landbruksinteressene er fyrst og fremst **sauedrift** og dermed fjell- og utmarksbeite i området.

Sårbarhetsanalyse Faun Naturforvaltning arbeidde ut, slår fast at ” verdiane i Byrtedalen, både med omsyn til landskap, kultur og miljø er såleis avhengig av landbruksverksemd ” (s.9).

Interessekonfliktar mellom hytteeigarar og sauenæring er allment kjent.

Ikkje minst er ein lite interessert i auka biltrafikk i området. Lam og sauer blir ofte skilt langs beitevegen.

Problem med lause **bikkjer** er heller ikkje ukjent i beitet, og gjeld både sau og reinsdyr. Dei siste åra har ein sett eit aukande antal **reinsdyr** som har funne seg ein roleg stad med godt vårbeite eit par månader i heile Byrtedalen frå bygda og nordover.

Bygdemøtet kommunen arrangerte, viste **inga interesse for hyttefelt**. Og møtet munna ut i semje om ein viss mogelegheit for løyve til næraste familie eller ungar med interesse for hytte i dette området.

Ein varsam **dispensasjonsordning** der ein grunneigar saman med kommunen kan finne høveleg tomt utifrå nærings- og kulturlandskapsomsynet, bør vera eit brukeleg utgangspunkt for trivsel i bygda.

Side 2 Høyringsuttale

Opplegget med **generell spreidd hyttebygging** – eksempelvis 30 hytter- er ikkje i tråd med vårt ynskje. Det vil ikkje taka tilstrekkeleg hensyn til Byrtedalen som nærings- og kulturområde. Støylsdalen er smal og trong, og det er vanskeleg å "gøyme seg bort". Friluftsaarealet som soknar til, er au heller avgrensa. Eit visst antal hytter og "fyrst til mylla" går me imot.

Spreidd hyttebygging på generelt gr.lag vil me avvise!

Byrte 02.2005

Arne Frøyen
 Kåre Midtli
 Olav Vadder
 Talliv Utistog
 Kjetil K. Vadder
 Olga Frydal Plassen
 Bjørn Johnny Straberg
 Einar O. Justiane
 Eiv. A. Hauge
 Bjørge og Gunnvill Hauge
 Ellen S. Nordjeil
 Åsmund Høydal
 Olav S. Hauge
 Anders Hauge

Sverre Plassen
 Lars Vadder
 Bendik Utistog
~~fludt~~
 Ingvart A. Plassen
 Ingrid Ringhus Norcross
 Mariann Romtrøid
 Hildegunn Hauge

Tokke kommune
Teknisk etat

Vedr. "Høyringsuttale om arealdelen 2005-2017" frå Byrte

Underteikna vil med dette brevet **trekke våre underskrifter** frå "Høyringsuttale om arealplanen 2005- 2017" som vart sendt frå grunneigarar på Byrte .
Dette vert gjort då me i etterkant ser at denne uttala kan misstolkast.

I forslag til kommuneplan er det føreslege inntil 30 fritidshytter i Byrtedalen. Dette er i tråd med våre ynskje. Vi ynskjer viare ei begrensing på inntil 2 hytter pr. grunneigar. Sidan dette ikkje kan inngå i kommuneplanen oppstod det ei bekymring om at nokon kunne søkje på og få mange byggjeløyve. Denne bekymringa delar også underteikna og difor skreiv me under på "Høyringsuttala"

Den generelle haldninga i Byrte er at ein ynskjer ein varsam bruk av Byrtedalen, men at ein ynskjer å kunne dela av 1-2 tomter til barn og nær familie.

Me ynskjer at kommuneplanen vert vedteke slik forslaget til kommuneplan ligg føre. Då vil me som underskriv dette brevet forplikte oss til ikkje å byggje meir enn inntil 2 hytter pr. grunneigar , og vonar at alle grunneigarane stør upp om dette.

Byrte 080705

Underteikna.

John Skjerve
Ingrid Speland
Olav Skjerve
Karsten Miltø
Knut O. Plassen
Gunn Nordbo
Øyroy Skarhaug
Sverre Plassen
Sveinung Haugø
Eivind O. Skjerve
Eiv. H. Skjerve

TOKKE KOMMUNE	
Løpe.nr. 395765	Saksbeh. AVE
Saksnr. 04/1160	Dok.nr. 30
08 AUG. 2005	
Ark.kode P 142	
Ark.kode S	
Kopi til:	
Ref.:	Kassasjef: